

## **Torill S. Oset**

---

**Fra:** "Kristin Nielsen" <Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no>  
**Dato:** 18. mars 2015 14:03  
**Til:** <sandnesoset@hotmail.no>  
**Legg ved:** 5153n-soknad\_om\_tiltak\_uten\_ansvarsrett.pdf; Situasjonskart 56\_151.pdf  
**Emne:** Gbnr 56/151 - seksjon 2 - tilbygg søkt om som bodar, brukt som soverom og stove, korleis få dette godkjent som hoveddel.

Hei!

Eg viser til spørsmåla dine til Byggesaksvakta i førre veke om korleis tilbygget som eg har fått opplyst vart omsøkt som bodar men vert brukt som soverom og hagestove kan bli godkjent som dette på gbnr. 56/151 seksjon 2.

Det må søkast om bruksendring frå tilleggsdel (som bodar kjem innunder) til hovuddel (som stove og soverom kjem innunder).

Dette kan de som tiltakshavarar søkje om sjølv. Eg legg ved skjemaet «Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett».

De må saman med dette skjemaet sende inn planteikningar av den eksisterande situasjonen, dvs.

\* teikningane til den opphavlege søknaden, og den «nye» situasjonen. Det må også sendast inn fasadeteikningar og snitt. Legg gjerne ved foto av eksteriøret. Før også på det vedlagte situasjonskartet kva del av bygget som søker bruksendra. Generelt sett: marker også på teikningane kva del som søker bruksendra.

Søknaden sendast til:

[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Eg ser at det er lang historikk i byggesaka frå tidlegare, og eg har ikkje hatt høve til å gå igjennom heile saka. De kan sjølv be om innsyn i den tidlegare byggesaka. Då sender de i så fall ein e-post til same adresse som over: [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no) kor de ber om innsyn i sak nr 09/1564.

Vi vil gjere merksam på at kravet om at det skal vere sett av areal til bodar etter TEK (Forskrift om tekniske krav til byggverk) § 12-10 skal vere oppfylt også etter bruksendringa.

Med venleg helsing



LINDÅS KOMMUNE

Kristin Nielsen

Rådgjevar byggesak

\* Teikningiar til den opphavlege søknaden

har me ikkje, då me kjøpte huset etter at endringane var gjortatt.  
 Relatnar med at desse ligg i saka  
 grå fôrriige eigar som solete om  
 tilleggsbygget.